

Løysinga på Kulturstreiken

Vi er no inne i veke sju av ein streik som dreier seg om kva pensjonsavtale vi, dei tilsette, skal ha på Det Norske Teatret. I 2016 gjekk vi med på å inngå ein midlertidig avtale om innskotspensjon, for å hjelpe teateret ut av eit økonomisk uføre. Ei utrekning Klassekampen har gjort, viser at teaterets brutto pensjonskostnadar i 2015 var på 18 millionar. I fjor var same sum 6 millionar.

Vi var villige til å hjelpe teateret ved å gi frå oss ein gullkanta pensjonsavtale. Til gjengjeld blei vi lova ein pensjonsavtale med livsvarige og kjønnsnøytrale ytingar. Sidan då har fagforbunda våre arbeidd for å få innfridd avtalen frå 2016. Etter to rundar med mekling mellom LO Stat og Spekter har det ikkje kome ei løysing, og sidan 3.9.2021 har vi difor vore i streik.

Dei fagforeiningane vi er tillitsvalde for, Fagforbundet Teater og Scene (FTS), Norsk Tjenestemannslag (NTL) og Creo, representerer 150 av dei rundt 250 fast tilsette på teateret, samt fleire av frilansarane som til ei kvar tid har Det Norske Teatret som sin arbeidsplass. Per i dag er vi 88 personar som er tatt ut i streik.

Etter eitt og eit halvt år med pandemi skulle vi sjølv sagt aller helst vore inne på teateret og skapt magiske stunder for publikum. Det er det vi er best på! At streiken kom samstundes med gjenopninga av samfunnet, kan verken LO Stat eller Spekter noko for. Like fullt får det konsekvensar.

Drifta av teateret er allereie sterkt ramma, og følgene for teateret vert større for kvar dag som går. Det er ikkje berre dagens produksjonar som vert ramma, men også produksjonar fram i tid. Ein kan spørje seg om samfunnsoppdraget til teateret, som teaterleiinga argumenterte hardt for under pandemien, er uviktig når det er pensjonsrettane til dei tilsette det handlar om.

Det er vanskeleg for oss å forstå argumenta mot hybridpensjon. Kvar gong Spekter kjem med nye argument, blir desse tilbakeviste av LO Stat. No seinast argumenta om frilansarane, der både Finansdepartementet og Finanstilsynet har bekrefta skriftleg at LO Stat si tolking av lowerket er korrekt. Å hevde at vi ikkje står på frilansarane si side, slik Spekter argumenterer, er ikkje berre feil, det er også med på å skape splid mellom tilsette. Når Spekter gir inntrykk av at dei talar dei tilsette si sak, viser det at dei ikkje tek oss, som faktisk representerer dei tilsette, på alvor.

Når hybridpensjonen i tillegg kostar teatera svært lite, og vi har sagt oss villige til å dele på rekninga, blir det enda vanskelegare å forstå kvifor motparten ikkje vil innfri avtalen. At arbeidstakarane gjekk med på ei midlertidig pensjonsordning, har spart Det Norske Teatret for millionar i pensjonsutgifter på dei fem åra som har gått. Det vi krev no, kostar teateret mellom 0,5-1 % meir enn dagens ordning, men gir til gjengjeld både kjønnsnøytrale og livsvarige ytingar.

Vi høyrer igjen og igjen frå kulturleiarane og Spekter at dei er villige til å strekke seg langt for å finne ei løysing. Men kor langt er det snakk om? Riksmeklaren har kalla partane inn til mekling onsdag 20.10. Da får vi sjå kor mykje avtalen frå 2016, teaterets samfunnsoppdrag og dei tilsette sine egne meiningar er verdt for dei.

Vi ønskjer å gå tilbake til arbeidet vårt, og ikkje minst invitere publikum tilbake til teateret. Vi har eit håp om at både leiinga og styret ved Det Norske Teatret gjer det dei kan for å påverke Spekter i riktig retning, så protokollen frå 2016 vert innfridd og teateret igjen kan utføre samfunnsoppdraget sitt.

Det er ikkje for seint å snu.

Frå dei hovudtillitsvalde for Fagforbundet Teater og Scene (FTS), Norsk Tjenestemannslag (NTL) og Creo på Det Norske Teatret

Åshild Mjelde Nordås, FTS

Mats Ivar Takle, FTS

Hedda Haaland, Creo

Gry Hege Espenes, Creo

Erlend Tårnesvik Dreiås, NTL

Ylva Catodotter Fyllingsnes, NTL